

ME



LØFTER



KVARANDRE



VARHAUG SKULE

Varhaug skule

Visjon 2017 - 2022

Me løfter kvarandre på Varhaug skule

Visjonen vår er meint å signalisera viktige haldningar og verdiar for Varhaug skule. Me har ein klar ambisjon om å vera ein arena der små og store skal få læra og utvikla seg saman. Alle skal ha høg kvalitet i arbeidet, og positive relasjonar er avgjerande for eit godt læringsklima. Dette ser me som viktig i det målretta arbeidet mot å løfte alle elevar på skulen opp og fram, slik at dei skal vera rusta til å byggja ei god framtid for seg sjølv.

Kven er det som løfter?

Visjonen legg til grunn at me vert betre saman. Dei tilsette på skulen har si viktigaste oppgåve i møte med elevane. Samtidig skal alle tilsette og elevane løfte kvarandre opp og fram. Vidare ser me på elevsamarbeid som avgjerande, og har tru på at elevane saman bidreg til kvarandre sitt læringsutbytte.

Skule og heim må arbeida saman mot eit felles mål; elevar som har det godt og lærer mykje. Positive relasjonar og godt samarbeid mellom skule og heim er ein føresetnad for dette. Varhaug skule vil at heimen skal forventa mykje av skulen, og skulen har tydelege forventningar til heimen. Saman kan me få til mykje.

For å løfte elevane våre opp og fram, er godt samarbeid med barnehage, ungdomsskule og lokalmiljøet viktig. Me er gode på overgangar mellom opplæringsinstitusjonar, og vil fortsetja med å prioritera dette høgt. Varhaug skal vera ein god stad å vera barn og ungdom.

Frå visjonsdokument til læringsrom

Visjonære målsetjingar er meir enn berre fine ord. For Varhaug skule ligg visjonen til grunn for eit målretta forbettingsarbeid, styrd av gjeldande læreplan, føringar frå departementet og relevant forsking på skuleutvikling og læringsutbytte. Dette vert levandegjort og arbeidd med gjennom skulen sin lokale utviklingsplan, som er styrande i det pedagogiske utviklingssamarbeidet blant tilsette på skulen.

Utviklingsarbeidet blant tilsette vert vidareført inn i læringsromma. Kvalitetssikring i dette leddet kjem til syne i standardiserte forventningsdokument retta mot ulike delar av skulen sin praksis. Eksempel på dette er *Standard for den gode læringsøkta på Varhaug skule*. På same vis sikrar skulen kvalitet i utvikling av sosiale kompetansar og relasjonar gjennom *Sosial læreplan for Varhaug skule* og *Handlingsplan mot mobbing og andre krenkingar*. Dokumenta finn de på skulen si heimeside.

Varhaug skule skal vera ein døropnar for elevane. Elevane skal vera best mogleg rusta til ungdomsskulen, som følgje av kvalitetsopplæringa hjå oss.

Visjonen er eit viktig styringsdokument, og den skal vera levande og kjent for elevane og dei vaksne. Alle veit at på Varhaug skule løfter me kvarandre. Me har høge ambisjonar, me lærer mykje saman, og me har positive relasjonar til kvarandre.





RELASJON

Gode relasjonar er ein føresetnad for både trivsel og læring. På Varhaug skule ynskjer me å byggja gode relasjonar; mellom elevane, mellom elevar og vaksne, og vaksne imellom. Me løfter kvarandre og lærer ilag. Me vil vera rause med kvarandre og respektera alle. Humor, smil og glede skal ha ein naturleg plass i skulekvardagen. Varhaug skule har eit positivt miljø bygd på tillit, toleranse og tryggleik.

Me vil ha eit godt læringsfellesskap der me syner omsorg for kvarandre.

LÆRING

Leik Læringsstrategiar
Motivasjon Engasjement
Skaparglede Kreativitet Forventningar
Veksa IKT Utforskartrong
Tilpassa opplæring Dybdelæring Samarbeid
Kompetanse Framovermelding
Elevmedverknad Meistring

LÆRING

Varhaug skule skal vera ein motiverande læringsarena for alle på skulen. Kvar elev skal oppleva meistring gjennom tilpassa opplæring. Me ønskjer engasjement, kreativitet og variasjon i skulekvardagen. I læringa legg me vekt på høg kompetanse, samarbeid, skaparglede og utforskartrong.

På Varhaug skule skal elevane verta rusta for ei digital framtid. Skulen må sørgra for at elevane utviklar digital kompetanse for å kunne nytta og ta del i aktuell teknologi.

Me har høge forventningar til kvarandre, og saman med heimen vil me hjelpe kvar elev til å nå sitt læringspotensiale.

AMBISJON

Handlekraftige, kompetanse
kloke samfunnsborgarar identitet
Mål
Utfordringar
Rusta
Støtte
Tilpassa opplæring
Samarbeid
Mobbefritt Kvalitet
Forventningar
Takksemd
Inkluderande

AMBISJON

På Varhaug skule har me ambisjonar om å utvikla kloke og handlekraftige samfunnsborgarar. Me ynskjer å byggja eit inkluderande miljø der elevane får utvikla ein trygg identitet.

Me er opptatt av å levera høg kvalitet i alt me gjer. Det me gjer, gjer me skikkeleg. Elevane skal møte godt kvalifisert personale som har høge forventningar både til arbeidet sitt, seg sjølv, kvarandre og elevane.

Alle tilsette legg stor vekt på tilpassa opplæring, og vil gje støtte til den enkelte elev i deira læring og utvikling. Me har nulltoleranse når det gjeld mobbing og arbeider aktivt for eit mobbefritt miljø.